

*Rådmannen*

Det kongelige arbeids - og sosialdepartement  
Postboks 80 19 Dep.  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
12/601-5 14/7558  
Nina Mosbron

Arkivkode:  
499

Dato:  
11.06.2014

**HØYRING OM ARBEIDSRETTA TILTAK**

Sender vedlagt Suldal kommune sin høyringsuttale til « Eit enklere tiltaksystem tilpassetbrukernes behov».

Uttalen er vedteken i sak 030 /14 i levekårsutvalet 10 juni 2014.

Med helsing

Øyvind Valen  
rådmann

Nina Mosbron  
Rådgjever

**Kopi til:**  
Valen Øyvind

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

# SULDAL KOMMUNE

## Møtebok

| SAKSGANG   |                 |            |
|------------|-----------------|------------|
| Saksnummer | Utval           | Møtedato   |
| 030/14     | Levekårsutvalet | 10.06.2014 |

| Arkivkode | Sakshandsamar | Arkivsak/j.post |
|-----------|---------------|-----------------|
| 499       | Nina Mosbron  | 12/601 14/7039  |

### HØYRING - ARBEIDSRETTA TILTAK

#### Forslag til vedtak:

Suldal kommune sluttar seg til rådmannen sin høyringsuttale og sender denne innan fristen 4.august 2014.

#### 10.06.2014 LEVEKÅRSUTVALET

Notat frå rådgjevar Nina Mosbron vart delt ut i møtet  
Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

#### LEV-030/14 VEDTAK:

Suldal kommune sluttar seg til rådmannen sin høyringsuttale og sender denne innan fristen 4.august 2014.

Sand, 30.05.2014

Øyvind Valen  
Rådmann

Oppfølging Nina Mosbron

## Dokumentliste

| Nr | T | Dok.dato   | Avsendar/Mottakar                              | Tittel  |
|----|---|------------|--|---|
| 1  | I | 13.04.2012 | Det Kongelige<br>Arbeidsdepartement            | HØYRING - ARBEIDSRETTA<br>TILTAK  |
| 2  | I | 13.05.2014 | Det kongelige arbeids-<br>og sosialdepartement | ALMINNELEG HØYRING - EIT<br>ENKLARE TILTAKSSYSTEM<br>TILPASSA BRUKAREN BEHOV -<br>ARBEIDSRETTA TILTAK |
| 4  | I | 04.06.2014 | Nina Mosbron                                   | VS: HØRINGSUTTALELSE  |

## Vedlegg

Argumenter frå bransjeforeninga for attføringsbedrifter.

## Samandrag

### Fakta:

Arbeids- og sosialminister Robert Eriksen ( Frp) har sendt ut til høyring eit forslag, « Et enklare tiltakssystem tilpasset brukernes behov», om å innføra bruk av anbod for deler av det tilbodet som i dag vert gjeve til personar med nedsett arbeidsevne. Høyringsfristen er 4 august 2014.

Regjeringa føreslår å forenkla og slå saman overlappende ordningar innanfor avklarings – og oppfølgingsområdet. I dag er dette tiltak som vert levert både gjennom avtalar med førehandsgodkjende tiltaksleverandørar og gjennom anbodskonkurranse. I Suldal har ein ei førehandsgodkjent bedrift, Rysteg, som utfører desse tenestene for NAV og kommune. Sauda og Suldal kommune er eigarar og utøver sitt eigarskap gjennom styret i Rysteg. Rysteg er ei «non profit» verksemd, det vil sei at overskottet vert ført attande til verksemda.

### Vurdering og konklusjon

Samarbeidet mellom Rysteg, NAV og kommune vert opplevd som svært godt og ein vurderer det slik at verksemda har god kompetanse. Rysteg har vore proaktive når det gjeld å utvikle gode tilbod til dei som treng det. Det tek tid å byggje opp kompetanse og å utvikle gode tilbod og ein fryktar at ved å opne for fleire aktørar vil dette kunne rivast ned. Drifta av Rysteg er marginal og faren for at dei kan måtte leggje ned ei avdeling er reell ved ei auka kommersialisering. Situasjonen for Rysteg vil bli uførutseieleg, og sjølv om det er få tilbydarar av desse tenestene, lokalt vil den usikre situasjonen og den ressurskrevjande prosessen ved anbod verte ei belastning for verksemda. Det kan stillast spørsmål med om vårt distrikt er av interesse for ein kommersiell aktør når brukargruppa er liten og langt i frå arbeidslivet.

Intensjonen med å forenkla tiltakssystemet er god og viktig då dette er lite oversikteleg og til dels overlappende i dag. Ei forenkling vil gje Nav større moglegheit for å tilpassa tiltaka til den einskilde brukar.

I eit system med anbod er ein redd at konkurransegrunnlaget ikkje greier å ta i vare den kompleksiteten som ligg den einskild sitt behov. Anbod eignar seg best jo meir standardiserte tenestene er. Dess meir samansette behov brukargruppene har for individtilpassa tenester, dess mindre vil tenestene vere eigna for anbodsutsetjing. Tilbod må gis ut i frå behov og ikkje ut i frå kva som vil løne seg. Sjølv om rammevilkåra for attføringsleverandørane ikkje er hogde i stein, er det grunn til å stille spørsmål om

kommunane vil oppretthalde sitt eigarskap på ein kommersiell marknad. Desse eigarane har ikkje forteneeste som føremål og vil ha kvaliteten på tenesta som hovudfokus  
Endringa vil få konsekvensar både for brukargrupper og samarbeidsrelasjonar mellom Nav og arrangør av tiltak Slike vide konsekvensar vil ein måtte gå inn i ved ei brei og heilskapleg handsaming i ei stortingsmelding

Konklusjonen vert at kommunen ikkje ynskjer at det vert lovfesta ei anbudsordning for å ivareta desse svake gruppene.

Uansett om ein er for eller i mot anbod meiner rådmannen at denne saka er så omfattande og lite konsekvensutgreia at den må handsamast forsvarleg gjennom med ei stortingsmelding.

